

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FONNA HF

STAD: Radisson Blu Atlantic Hotel Stavanger

MØTETIDSPUNKT: 07.03.18 kl. 16.15

Styremøte var ope for publikum og presse

DELTAKARAR FRÅ STYRET

| | |
|-------------------------|------------|
| Kjell Arvid Svendsen | Styreleiar |
| Brian Bjordal | Nestleiar |
| Gunnar Birkeland | Medlem |
| Solfrid Borge | Medlem |
| Hilde Brit Christiansen | Medlem |
| Nina Budal | Medlem |
| Pål Osjord Midbøe | Medlem |
| Tove Martha Callaghan | Medlem |
| Kristin Skorpen | Medlem |

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

| | |
|------------------|--------------------------|
| Olav Klausen | Administrerande direktør |
| Ingebjørg Kismul | Administrasjonssjef |

Forfall frå styremøtet

| | |
|---------------|--------|
| Helge Espelid | Medlem |
| Olav Akselsen | Medlem |

SAKLISTE

| | |
|-----------|---|
| Sak 8/18 | Godkjenning av innkalling og dagsorden |
| Sak 9/18 | Godkjenning av protokoll 12.01.18 |
| Sak 10/18 | Administrerende direktør si orientering |
| Sak 11/18 | Rapport frå verksemda |
| Sak 12/18 | Internrevisjon av risiko knytt til matforsyning |

UNDERLAG

Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt

Saker til orientering

| | | |
|-----------|--|---------|
| Sak 13/18 | Utkast til utviklingsplan for Helse Fonna HF | Vedlagt |
| Sak 14/18 | Eventuelt Skriv og meldingar | Vedlagt |

Sak 8/18 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Styreleiar ønskte velkommen til Kristin Skorpen som er nytt styremedlem i Helse Fonna. Styremedlemmene presenterte seg.

Det ble informert om at utsatt orientering 12.01.18 om uønskete hendingar, blir orientert om i styremøte 4.4.18 i sak Administrerende direktør orienterer.

Foreslått orientering om ny ordning for spesialitutdanning for leger. Adm. dir. vil komme tilbake til dette i et av de følgjande styremøta.

Vedtak [samrøystes]

Innkalling og dagsorden ble godkjent

Sak 9/18 Godkjenning av protokoll frå styremøte 12.01.18**Vedtak [samrøystes]**

Styret godkjente og signerte protokoll frå styremøte 12.01.18

Sak 10/18 Administrerende direktør si orientering

OPE DEL

1. Rapportering tilsynssaker

Administrerende direktør viste til vedlagt notat

2. Lover, forskrifter og myndigheitskrav

Administrerende direktør viste til vedlagt notat

3. Høyringar

Administrerende direktør viste til vedlagt notat

4. Status bygg Haugesund

Prosjektdirektør Laila Nemeth orienterte om status byggegrøp, hovudaktiviteter framover og oppfølging av kostnadsstyrt prosjektering. Det ble informert om støymålingar. Styret ga innspel om avklaring med om støymålingar og tiltak. Haugesund kommune

Forskjellige metodar for å kvalitetssikre dei tre prekvalifiserte aktørane til B02 blei diskutert. Administrerende direktør vil gjere greie for kvalitessikringa i komande styremøte og leggje kontrakten fram for styret i Helse Fonna HF før signering.

Administrerende direktør viste under dette punktet til styresak 012/18 i Helse Vest, lagt til skriv og meldingar sak 14/18..

«Vurdering av likviditet og finansieringsevne i langtidsbudsjett 2018-2022 ved endring i renter, resultatutvikling og innstrammingar i nasjonaløkonomien «

Administrerende direktør orienterte om endra renteberekning for lån gitt i 2018 som gir om lag 1 % høgare rente for helseføretak som får innvilga lån i 2018. Det blei informert om moglege økonomiske utfordringar av økt rentebelastning for Helse Fonna. Asministrerende direktør gjorde greie for dialog med eigar om problemstillinga.

5. Økonomisk resultat Helse Fonna 2017

Administrerende direktør orienterte om økonomisk resultat 2017

Føretaket har eit resultat etter finans som viser eit overskot på 8,9 millionar kroner og eit underskot i forhold til resultatkrav frå eigar på 31,1 millionar kroner. Det er føreteke nedskrivningar på 16,3 millionar kroner.

6. Prosess for leiing og organisering

Administrerende direktør orienterte om prosess for leiing og organisering. Det ble informert om gjennomførte og planlagde aktiviteter. Avgjerd i saken er planlagd

parallellt med at Utviklingsplan Helse Fonna HF blir behandla av styret i Helse Fonna HF i juni 2018.

Vedtak [samrøystes]

Styret tok meldingane til orientering

Sak 11/18 Rapport frå verksemda

Oppsummering

Resultatet for perioden syner eit overskot på 4,3 millionar kroner mot eit budsjettert overskot på 4,4 millionar kroner Dette gir eit negativt budsjettavvik på 0,038 millionar kroner.

Dei aktivitetsbaserte inntektene syner for perioden eit negativt budsjettavvik på 0,9 millionar kroner.

Personalkostnadane inkludert inn leige av personell frå byrå viser denne månaden eit negativt avvik på 5,4 millionar kroner.

Likviditetsoversikten ved utgangen av månaden viser ein disponibel likviditet på 639,6 millionar kroner, noko som er ein reduksjon på 5,9 millionar kroner i forhold til førre månad.

Sjølv om det har vore noko færre innlagde pasientar og eit overforbruk på løn er resultatet for januar på budsjett.

Aktivitet og kvalitet

I januar har det vore høgare aktivitet på poliklinikkar men noko lågare aktivitet på sengepostar enn planlagd.

Gjennomsnittleg ventetid for alle behandla pasientar var 59 dagar. For behandla pasientar var ventetida 60 dagar innan somatikken (eigarkrav under 60 dagar), 43 dagar innan psykisk helsevern for vaksne (eigarkrav under 40 dagar), 43 dagar innan psykisk helsevern for barn og unge (eigarkrav under 35 dagar) og 38 dagar innan rusfeltet (eigarkrav under 35 dagar). 62 pasientar (2 prosent) blei behandla etter fristen gjekk ut i månaden. 15 pasientar på ventelistene har ikkje fått time innan fristen som er sett. Årsaker og tiltak er vist i rapporten. 22 pasientar hadde venta meir enn eitt år.

Fire av fem epikriser blei sendt innan fristen på sju dagar.

Utskrivningsklare pasientar

106 somatiske pasientar låg til saman 298 døgn på sjukehusa i føretaket i januar etter at dei var ferdig behandla.

I klinikk for psykisk helsevern var det i januar månad 14 utskrivningsklare pasientar med totalt 156 liggjedøgn. Kvinnherad kommune stod for 107 liggjedøgn.

Korridorpasientar

Fire prosent av sengedøgna i somatikken var i snitt på korridor i månaden. På medisinske sengepostar i Haugesund og på Stord har det vore mange innleggingar, mellom anna grunna influensa og mange fleire utskrivningsklare pasientar enn vanleg.

Medarbeidar

Det samla sjukefråveret var 7,9 prosent i januar.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF tar rapport frå verksemda til etterretning.

Sak 12/18 Internrevisjon av risiko knytt til matforsyning

Oppsummering

Internrevisjonen i Helse Vest RHF har gjennomført internrevisjon av risiko knytt til matforsyning. Føremålet med revisjonsprosjektet var å undersøkje kva system føretaka i Helse Vest, hadde for å sikre matforsyninga, og om dette er tatt med beredskapsplanane for føretaka.

Oppsummering av rapporten.

Revisjonen hadde som mandat å gi svar på fem hovudproblemstillingar forma som spørsmål. Her følgjer ei oppstilling av desse.

1. Kva system har føretaka utarbeidd for å sikre ei trygg matforsyning? (Målsettingar, organisering, ansvar, haldningar til risiko, kompetanse etc.)
2. I kva grad har føretaka identifisert faktorar som medfører risiko og sårbarheit i dei ulike delane av produksjons- og forsyningskjeda?
3. Korleis er risiko knytt til matforsyning vurdert og handtert?
4. Korleis blir kunnskapen om risiko og risikohandterande tiltak kommunisert til alle involverte?
5. Kva system har føretaka for å sikre god overvaking, kontroll og oppfylgning?

Hovudkonklusjonen er at helseføretaka er komne langt i beredskapsarbeid generelt, og at ein kan vurdere å vidareutvikle det til å omfatte matforsyning.

Handtering knytt til matforsyning i Helse Fonna.

1) Beredskapsplan

Revisjonsrapporten vurderer det slik at Helse Fonna har kome eit godt stykke når det gjeld beredskapsarbeid. Det vert stadig utført øvingar på beredskapssituasjonar.

Alle sjukehusa i føretaket har til ein kvar tid lagra mat for anslagsvis 14 dagar. Slik er ein sikra mat dersom det skulle oppstå produksjonssvikt. I tillegg vil sjukehusa i føretaket og regionalt kunne støtte kvarandre i slike høve. Ein avtale om bistand frå andre helseføretak eller andre aktørar er ikkje formalisert.

Helse Vest sin beredskapsplan er eit godt utgangspunkt for å vurdere risiko og sårbarheit innan matforsyning. Når det gjeld å sikre trygg matforsyning, har institusjonane i hovudsak internkontrollsystemet IK-mat på plass. Det er dedikerte medarbeidarar med høg kompetanse innan mattryggleik som er ansvarlege for systema. Dette bidrar til å sikre at pasientane på institusjonane får servert trygg mat.

Administrasjonen følgjer opp vedtaket.

Vedtak [samrøystes]

1. Styret i Helse Fonna HF tar rapporten «Risiko knytt til matforsyning» frå Helse Vest RHF, januar 2018, til etterretning.
2. Styret i Helse Fonna HF ber administrerende direktør følgje opp dei tilrådingane som kjem fram av revisjonsrapporten og sender handlingsplanen til internrevisjonen i Helse Vest RHF
3. Styret i Helse Fonna HF ber administrerende direktør rapportere status på gjennomføring av handlingsplanen til styret i Helse Fonna HF og internrevisjonen i Helse Vest RHF

Saker til orientering

Sak 13/18 Utkast til utviklingsplan for Helse Fonna HF

Oppsummering

Administrerende direktør orienterte om prosess til no og vidare prosess. Planen blir lagt fram for styret 4.4.18 med forslag om å sende den på høyring med 6 vekers høyringsperiode.

Styret diskuterte utkastet. Prosjektleder Reidun Mjør svarte ut spørsmål og fikk innspel til endringer og tilføyinger til planen.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF tar saka til orientering

Sak 14/18 Eventuelt

Skriv og meldingar

1. Årsplan for styret i Helse Fonna 2018
2. Plan for internrevisjon 2018 – 2019, brev.
3. Plan for internrevisjon 2018 – 2019
4. Styringsmål 2018 Helse og omsorgsdepartementet.
5. Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 10.11.17
6. Styresak Helse Vest RHF
Vurdering av likviditet og finansieringsevne i langtidsbudsjett 2018-2022 ved endring i renter, resultatutvikling og innstrammingar i nasjonaløkonomien
7. Sertifikat NS-EN ISO 14001:2015

Punkt 6 i skriv og meldingar blei gjennomgått i sak 10/18, punkt 4.
Skriv og meldingar blei tatt til orientering.

Ref. Ingebjørg Kismul
07.03.18

| | |
|-------------------------|------------|
| Kjell Arvid Svendsen | Styreleiar |
| Brian Bjordal | Nestleiar |
| Hilde Brit Christiansen | Medlem |
| Gunnar Birkeland | Medlem |
| Solfrid Borge | Medlem |
| Nina Budal | Medlem |
| Pål Osjord Midbøe | Medlem |
| Tove Martha Callaghan | Medlem |
| Sett: Helge Espelid | Medlem |
| Sett: Olav Akselsen | Medlem |
| Kristin Skorpen | Medlem |